

I skuleåret 2015/16 gjekk vi frå å ha både nynorsk- og bokmålsundervisning kvart semester til å berre bruke ei målform kvart semester og berre vurdere elevane i den eine målforma det semesteret. I samband med dette har eg nokre spørsmål. Det er berre di oppfatning av situasjonen som eg ynskjer å vite noko om.

1. Kva meiner du var den viktigaste årsaka (årsakene) til at vi gjorde dette?
2. Kva er dei største fordelane ved å undervise i dei to målformene kvart sitt semester?
3. Kva er dei største ulempene ved denne måten å organisere undervisninga på?
4. Kan du samanlikne situasjonen no med slik han var før skuleåret 2015/16?
5. Korleis trur du elevane oppfattar å ha norskundervisning på ei målform i kvart semester?
6. Kva kunne ha vore gjort annleis for å få eit best mogeleg nynorsk-språkleg resultat?

#### **Lærarsvar A**

1. Kva meiner du var den viktigaste årsaka (årsakene) til at vi gjorde dette?

Det var for å samle undervisninga rundt ei målform om gongen, og dermed få meir kontinuitet i undervisninga og fokus på at det er to ulike språk som må lærast. Ein annan viktig grunn var å få meir ro og tid til å gjennomføre og vurdere arbeida i norsk, no er det ikkje fleire vurderingsarbeid per målform i kvart semester. Det er mindre tidspress både for elevane og lærarane.

2. Kva er dei største fordelane ved å undervise i dei to målformene kvart sitt semester?

Fokus på eitt språk om gongen. Sidemålet og hovudmålet får like mykje tid, før fekk gjerne det eine meir tid enn det andre.

3. Kva er dei største ulempene ved denne måten å organisere undervisninga på?

Både elevane og lærarane har kortare tid å få vist kompetanse i faget innanfor dei to språkperiodane.

4. Kan du samanlikne situasjonen no med slik han var før skuleåret 2015/16?

Sjå det eg har svara over. Det er meir oversiktleg å dele undervisninga på denne måten.

5. Korleis trur du elevane oppfattar å ha norskundervisning på ei målform i kvart semester?

Eg trur det er enklare for dei å halde seg til eit skriftspråk om gongen.

6. Kva kunne ha vore gjort annleis for å få eit best mogeleg nynorsk-språkleg resultat?

Brukt enda meir nynorsk i alle fag. Meir fokus på at det er eit språk som krevjar pugging og terping, akkurat som når ein skal lære seg eit framandspråk.

### **Lærarsvar B**

1. Vi gjorde dette fordi:

- Me opplevde at elevane var språkforvirra. Me er ein nynorskkommune nær Bergen
- Elevane gjorde det dårleg på skriftleg eksamen i norsk
- Elevane opplevde eit stort arbeidspress
- Lærarane opplevde eit stort arbeidspress

2. – Lærarane kan konsentrera seg om ei målform om gongen

- Betre og «djupare» læring
- Mindre arbeid opplevast som unødvendig

3. – Når eksamen kjem, kan det vera at det er litt lenge sidan dei har jobba med ei av målformene

4. Det er ein ny situasjon! Mykje betre no!

5. Dei fleste elevane eg har snakka med likar ordninga, men det er og dei som føler at dei «gløymer» den andre målforma når me gjer det på denne måten.

6. Meir fokus på nynorsk. Meir systematisk arbeid. Færre store prosjekt i norskfaget og meir grammatikkundervisning/øvingar.

### **Lærarsvar C**

1. Viktige årsaker til at me gjekk over til bokmål eit semester og nynorsk det andre, var tid. Det var vanskeleg å få inn nok tekster til å vurdere skikkeleg i både bokmål og nynorsk i løpet av eit semester. Det var stress for elevane som måtte skifta målform annakvar tekst. I tillegg var det mykje for lærarane å rekka over.

2. Fordelar: god tid til å konsentrere seg om ei målform. Då lagar ein opplegg på ei målform og treng ikkje laga to typar oppgåver med både bokmål og nynorsk. Elevane får konsentrere seg om ein ting om gangen. Det same gjeld læraren.

3. Ulemper: Dersom ein elev flyttar frå skulen vår til ein ny skule, vil han mangla ein karakter til jul. Anten hovud- eller sidemålskarakteren avhengig av om han har bokmål som hoved- eller sidemål. Til eksamen i norsk er det mange månader sidan elevane har skriva bokmål.

4. Det er mindre stress å vera norsk lærer no når ein berre gir ein karakter munnleg og ein skriftleg enn når ein skulle gi tre. I tillegg er det lettare å bruka lengre tid med respons og ny skriving når ein ikkje skal ha inn seks tekstar i eit semester.

5. Eg trur elevane synest det er ok å konsentrere seg om ei målform, men eg trur også dei synest det er vanskeleg å skifta etter eit halvt år. Dei er nok glade for å skriva færre tekstar, men dei veit ikkje om alternativet med fleire tekstar... Dei får iallfall jobba meir med respons og tilbakemeldingar no.

6. Hadde eg visst det... Då må me få fram kor viktig det er å skriva korrekt og få dei til å bli stolte av nynorsken.

### **Lærarsvar D**

1. Kva meiner du var den viktigaste årsaka (årsakene) til at vi gjorde dette?

Få meir ro over undervisninga i både grammatikk og skriving, ikkje måtte stresse for å få tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag i begge målformer på nokre få månader. Færre heildagsprøver. Det er ikkje nødvendig med fire heildagsprøver i norsk kvart år.

2. Kva er dei største fordelane ved å undervise i dei to målformene kvart sitt semester?

Same svar som spm. 1.

3. Kva er dei største ulempene ved denne måten å organisere undervisninga på?

Det blir lenge mellom kvar gong ein skriv nynorsk, særleg for elevar som har bokmål som hovudmål.

Elevane har dessutan framleis lærebøker på hovudmålet sitt. Det hadde vore betre om dei i det minste hadde lærebok i norsk på den målforma vi jobba med kvar termin, altså at dei bytte bøker med kvarandre.

4. Kan du samanlikne situasjonen no med slik han var før skuleåret 2015/16?

Eg synest det er betre no, men eg skulle ønskje at vi hadde eit meir gjennomført bytte av målform med bytte av lærebøker også, helst i alle fag og gjerne ei tettare oppfølging av målforma i skrivebøkene. Færre heildagsprøver gjer det mykje meir overkommeleg å vere norsklærer, utan at det går ut over elevane si skriveopplæring.

5. Korleis trur du elevane oppfatar å ha norskundervisning på ei målform i kvart semester?

Eg trur dei synest det fungerer bra, at det blir mindre stress.

6. Kva kunne ha vore gjort annleis for å få eit best mogeleg nynorsk-språkleg resultat?

Nynorsk i alle fag, ikkje berre norsk. Meir "krav" til endra skrivepraksis hjå elevane, i form av personleg ordliste, meir trening i å bruke ordboka, auka grammatikk-kompetanse m.m. Mindre, men tydelege fokusområde. Høgtlesing av nynorske tekstar som kan engasjere, for eksempel aktuelle artiklar frå [framtida.no](http://framtida.no).